

VESTLAND REVISJON

Kommunalt Oppgåvefellesskap

Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
Kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn,
Luster, Sogndal, Solund, Stad, Stryn, Sunnfjord, Vik, Årdal

Bankkonto 3705 40 64838

Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388

E-post: postmottak@vestrev.no

Forretningsadresse:

Innkjøp og anbodspraksis i Vik kommune



Trine Havn

VESTLAND REVISJON KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESSKAP

Forord

Denne rapporten er eit resultat av forvaltningsrevisjonsprosjektet Innkjøp og anbodsspraksis som er gjennomført på oppdrag av kontrollutvalet i Vik kommune.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve. Kontrollutvalet har ansvaret for å påsjå at det vert utført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda og av selskap kommunen har eigarinteresser i. (Kommunelova § 23-2.) Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. (Kommunelova § 23-3)

Vi har før oppstart av dette prosjektet vurdert vår eigen uavhengigheit overfor Vik Kommune.

Vi kjenner ikkje til forhold som er egna til å svekke tilliten til vår uavhengigheit og objektivitet.

Prosjektarbeidet er utført i perioden 2022 av Trine Havn som har vore revisor i denne forvaltningsrevisjonen.

Utkast til rapport er sendt Kommunedirektøren til uttale. Svaret frå Kommunedirektøren er vedlagt rapporten.

Florø 14.11.2022

Trine Havn
Forvaltingsrevisor

Forord.....	2
Samandrag.....	4
Konklusjon.....	5
Tilråding.....	5
Konklusjon.....	5
Tilråding.....	5
Føremål.....	6
1. Innleieing.....	6
Kontrollutvalet si tinging.....	6
Innkjøp og anbodspraksis.....	6
2.1 Vurdering av relevans og pålitelighet.....	6
3. Kjelder for revisjonskriterier for heile prosjektet	7
4. Har kommunen rutinar for anbodsinnhenting og prosjektstyring for investeringsprosjekt i teknisk sektor og føl dei desse rutinane? 8	
Revisjonskriterier:.....	8
Fakta	9
Rutineskildringar kring investeringsprosjekt.....	9
Innkjøpsstrategi	10
KGV.....	10
Utdrag frå Veileder for anskaffelser av konkurransegjennomføringsverktøy (KGV)	10
Investeringsprosjekt.....	10
0127 Utbetring kommunale vegrar.....	11
0710 Utbetring VAR.....	12
0706 Kommunale Bygg og eigedomar.....	13
Vurdering	14
Vurdering i høve revisjonskriteriet.....	14
Konklusjon.....	14
Tilråding.....	14
5. Føl kommune lov om offentlege anskaffing for innkjøp i drift innan teknisk sektor?	15
Revisjonskriteriet.....	15
Fakta	16
Rammeavtalar.....	16
Doffin.....	16
TED – database (Tenders Electronics daily).....	17
Innkjøpsreglement.....	17
Leverandørar til teknisk sektor.....	18
Rammeavtalar.....	18
Funn.....	21
Vurdering	21
Vurdering i høve revisjonskriteria.....	21
Konklusjon.....	22
Tilråding.....	22
Kommunedirektørens uttale.....	24

Samandrag

Problemstillingar

Vestland Revisjon har med utgangspunkt i tinginga frå kontrollutvalet gjennomført ein forvaltningsrevisjon av innkjøp og anbodspraksis i Vik kommune. Revisjonen har undersøkt desse problemstillingane:

1. Har kommunen rutinar for anbodsinnhenting og prosjektstyring for investeringsprosjekt i teknisk sektor og føl dei desse rutinane?
2. Føl kommune lov om offentlig anskaffing for innkjøp i drift innan teknisk sektor?

Gjennomføring og hovudbodskap

Vik er ein kommune i Vestland fylke. Han ligg midtvegs inne og på sørsida av Sognefjorden, og grensar i aust til Aurland kommune, i sør til Voss kommune og Vaksdal kommune, og i vest til Modalen kommune og Høyanger kommune. På den andre sida av fjorden ligg Balestrand, Leikanger, Sogndal og Lærdal.

Folketal per 2. kvartal 2022 er 2 573 innbyggjarar.

Oppdraget er gjennomført som ein forvaltningsrevisjon etter RSK 001, som medfører oppstartsbrev og formelt oppstartsmøte.

Arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen er gjort med bruk av dokumentanalyse, intervju pr mail, og intervju pr telefon med dei oppfølgingspørsmål som vi såg var nødvendig.

Hovudbodskapen i denne revisjonen er at Vik kommune gjer mange innkjøp gjennom sine rammeavtalar, både i drift og investering. Vi finn at det er gjort noko kjøp utan rammeavtale eller førespurnader til fleire, altso direkte kjøp over terskelverdiar i Lov om offentleg anskaffing.

Når det gjeld dei store investeringsprosjekta så er inntrykket at Vik kommune leiger inn tenester til anbodsprosessen gjennom sine rammeavtaler med rådgjevingsfirma som styrar anbodsprosess.

Vi har møtt samarbeidsvilje hjå den reviderte undervegs.

Problemstillingar

1. Har kommunen rutinar for anbodsinnhenting og prosjektstyring for investeringsprosjekt i teknisk sektor og føl dei desse rutinane ?

Konklusjon

- Vik kommune har ikkje eigne utarbeide styringsdokument for gjennomføring av konkurranse/anbodsporsesser ved innkjøp/anskaffingar i investeringsprosjekt i teknisk sektor.
- Vik kommune har i dei kontrollerte prosjekta etterlevd LOA når dei sjølv har utarbeid anbodsprosessar og i dei innkjøpte tenestene frå eksterne leverandørar.

Tilråding

- Vik kommune bør vurdere å utarbeide skiftelege rutinar for kjøp etter LOA¹

2. Føl kommune lov om offentlig anskaffing for innkjøp i drift innan teknisk sektor?

Konklusjon

- Vik kommune bryt lov om offentleg anskaffing ved fleire høve når det gjeld innkjøp i drift teknisk sektor ved å gjere direktekjøp utan avtalar over terskelverdiane etter lov om offentlege anskaffingar
- Vik kommune har ikkje eigne rutineskildringar kring innkjøp.
- Vik kommune har ikkje ein vedteken innkjøpsstrategi

Tilråding

- Kommunen bør vurdere tiltak for å sikre at innkjøpspraksis vert følg i henhold til Lov og forskiftsverk.
- Vik kommune bør vurdere å komplettere eige reglement på innkjøpsområdet.

¹ LOA: Lov om offentlege anskaffingar

Føremål

Å undersøke om kommunen har god styring på innkjøp og anbodspraksis.

1. Innleiing

Kontrollutvalet si tinging

Bakgrunnen for prosjektet er vedtaket i kommunestyret i sak kom-KS - 009/22, 10.02.2022.

Kontrollutvalet gjorde i møte 16.02.2022 vedtak i sak 2/2022 kring forvaltningsrevisjon Innkjøp og anbodspraksis i Vik kommune. Kontrollutvalet godkjente prosjektplan i møte 12.05.2022 i sak 8/2022.

Innkjøp og anbodspraksis

I denne rapporten er arbeidet regulert i lovverk henta frå Lov om offentlegheit med forskrift om offentleg anskaffing (anskaffelseforskrifta), Kommunelova, Vik kommune sitt økonomireglement, Rekneskapsrapportar frå kommunens rekneskapssystem og framlagde dokument nytta i anbodsprosess både frå interne og eksterne prosessar.

2. Metode

Vi sendte oppstartsbrev til Kommunedirektøren 30.05.2021. Digitalt oppstartsmøte vart halde 31.05.2022 der Rådmann, Kommunalsjef kommunalteknikk og forvaltningsrevisor Trine Havn møtte. Referat frå oppstartsmøtet vart oversendt møtedeltakarane 31.05.2022 og verifisert. Føremålet med møtet var å informere om prosjektet og gje rådmannen moglegheit til å komme med innspel på problemstillingane, revisjonskriterier og metode.

Kommunalsjef kommunalteknikk har vore kontaktperson ved gjennomføringa av prosjektet.

Vi har hatt e-post korrespondanse med vår kontaktperson og med Innkjøpsleiar frå innkjøpssamarbeidet med Kinn kommune.

Vi har nytta finansiell revisor frå Vestland revisjon KO for å ta ut rapportar frå rekneskapssystemet til Vik kommunen.

Rapportutkast er sendt til kommunedirektøren for uttale, og svaret frå kommunedirektøren er vedlagt rapporten. Vi har også vore førelagt dokumenta i interne og eksterne anbodsprosesser.

Vi meiner metodevalet svarar opp problemstillingane, og gjev ein relevant inngang til datainnhentinga i oppdraget. Vi meiner trianguleringa² i datainnhentinga gjev stor sikring for at data representerer stoda på kontrollerte områder.

2.1 Vurdering av relevans og pålitelegheit

Dette prosjektet er gjennomført i henhold til RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon som er gjeldande som god kommunal revisjonsskikk fastsatt av Norges kommunerevisorforening. Deler av prosjektet er svara opp deskriptivt.

Vestland Revisjon har eit internt kvalitetssikringssystem som er i samsvar med RSK 001.

Datas *relevans* er knytt til om undersøkinga representerer den verkelege situasjonen. Vi meiner data som er samla inn i denne undersøkinga er egna til å svare på problemstillingane. Det er likevel viktig å være merksam på at dei opplysninger som framkjem i rapporten nødvendigvis er eit utval av fakta.

Med *pålitelighet* meiner ein at data skal være mest mogleg presis og nøyaktig. Dette er ivaretatt ved verifisering av intervjureferat og ved innhenting av uttale frå Kommunedirektøren på utkast til rapport.

² dokumentanalyse, intervju og skriftlege spørsmål. I tillegg har vi nytta analyse av tal frå rekneskapen.

3. Kjelder for revisjonskriterier for heile prosjektet

Med revisjonskriterier meiner vi dei lover, forskrifter, retningslinjer, kommunale vedtak, faglege standardar mv som seier noko om korleis verksemda skal drives. Hensikta med revisjonskriteriene er at det skal settast opp nokre autoritative ”standardar” som kommunen sin praksis kan målast opp mot og som vert grunnlaget for revisjonen sine vurderingar.

Kjelder for revisjonskriterier blir skildra her, medan utleiring av konkrete revisjonskriterier kjem i kapitla for den einskilde problemstilling.

Revisjonskriterier

Lov §	
Kommunelova	Kl kapittel 25
Lov om offentlege anskaffingar	Forskrift om offentleg anskaffelse (anskaffelsesforskiften) og forsyningsforskriften
Kommunestyret	Lokale styringsdokument, forankra rutinar og politiske vedtak som styrer kommunens innkjøp og investeringar
Andre kjelder	Økonomireglement, innkomne anbod, rammeavtalar, rekneskapsrapportar, KGV ³

³ Veileder for anskaffelser av konkurransegjennomføringsverktøy

4. Har kommunen rutinar for anbodsinnhenting og prosjektstyring for investeringsprosjekt i teknisk sektor og føl dei desse rutinane?

Revisjonskriterier:

Den sentrale kjelda for revisjonskriterium til denne problemstillinga er å finne i kommunelova kapittel 25. I kommunelova § 25-1 framgår det at kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vere dokumentert og tilpassa aktivitetane i kommunen og innehalde mellom anna naudsynte rutinar og prosedyrar. Samanhilde med kommunelova § 25-1 som viser at kommunedirektøren skal ha rutinar og internkontroll skal ein og i denne problemstilliga nytte som revisjonkriteriet.

Dokumentasjonsplikt

Etter lov om offentlege anskaffingar gjeld dokumentasjonsplikta alle prosessar over 100 000 kroner. Retningslinjene seier at oppdragsgjevarar skal oppbevare dokumentasjon av viktige avgjerder i prosessen. Dette som eit utslag av transparensprinsippet som gjeld alle anskaffingar som er omfatta av forskrifta. Slik dokumentasjon kan til dømes vere mottekne tilbod, e-postkorrespondanse, oppdragsgjevars vurderingar og dokumentasjon av den vurderte verdien til anskaffinga, vurderingar for val av anskaffingsprosedyre, kontraktslengde, møtereferat osv. Hovudføremålet er at dokumentasjonen vil kunne gje tredjeperson god forståing av oppdragsgjevars val og vurderingar.

Ved små anskaffingar vil prinsipp om forholdsmessigheit likevel kunne redusere denne plikta.

For beløp over EØS-terskelverdiar skal dokumentasjonen takast vare på i minimum 3 år. Dette er eit nytt krav. For beløp under EØS-terskelverdi bør dokumentasjonen oppbevarast så lenge det kan vere risiko for klage eller kontroll. Manglande evne til å kunne legge fram slik dokumentasjon i ein tvist eller klagesak medfører brot på reglane.

Etter forskriftas § 7-1, 2. ledd⁴ er oppdragsgjevar forplikta til å oppbevare kontrakten gjennom heile kontraktperioden. Kravet gjeld for alle anskaffingar som er omfatta av forskrifta. Manglande oppbevaring kan utgjere eit sjølvstendig brot på føreskrifta. Vesentlege forhold for gjennomføring av anskaffinga skal nedfellast eller samlast i ein protokoll⁵

For anskaffingar som følgje av forskriftas del I (under nasjonal terskelverdi) er det ikkje ført opp detaljerte reglar for korleis protokollplikta blir oppfylt. Ein kan velje om ein vil ta inn vesentlege forhold i eit dokument, eller om ein vil samle opplysningane i ein protokoll. Dette betyr at oppdragsgjevar kan samle dei vesentlegaste opplysningane i fleire dokument så lenge desse enkelt kan leggast fram i ei samling.

Plikt til dokumentasjon og anskaffingsprotokoll skal bidra til at instansar, leverandørar og offentlegheita kan føre kontroll med at oppdragsgjevars opptrer i samsvar med regelverket. Dette gjer også prosessane meir etterprøvelege, noko som også kan motverke kameraderi og korupsjon.

Utleia revisjonskriterier.

- Kommunedirektøren skal syte føre at kommunen har utarbeidd styringsdokument og rutinar for gjennomføring av konkurranse/anbodsprosessen ved innkjøp/anskaffingar.
- Styringsdokumenta skal sikre at praksis ved konkurranse/anbodsprosessar tilfredsstiller aktuelt lovverk, og at grunnprinsippa i lov om offentlige anskaffingar blir følgt opp. Det vil seie likehandsaming og konkurranse, og at prosessen er gjennomsiktig og kan etterprøvast

⁴ Forskrift om offentlige anskaffelsar (foa)

⁵ Foa § 7-1, 3. ledd

Fakta

Teknisk sektor er vald som fokusområdet i denne revisjonen. Vi har då sett på eininga under kommunalsjef kommunalteknikk. Avdelingane/tenestane som ligg her er VVA, kommunale bygg og Reinhold



Rutineskildringar kring investeringsprosjekt

For å få eit overblikk over korleis Vik kommune arbeider med investeringsprosjekt ville vi først sjå på administrasjonen sine rutineskildringar kring investeringsprosjekt. Tilbakemeldinga frå Vik kommune er at dei ikkje har eigne vedteken rutinar kring gjennomføring av investeringsprosjekt.

Svar frå Vik kommune kring rutinar kring investeringsprosjekt.

1. Vik kommune har ingen egen vedteken rutine for gjennomføring av investeringsprosjekt.
Investeringane som gjennomførast innan kommunalteknisk eining kan grovt delast inn i tre kategoriar:
 - a. Mindre enkeltståande innkjøp. Dette er eksempelvis ny hengart til traktor, legging av asfalt på kommunale vegar eller enkeltståande komponentar til driftsanlegg VA (UV-filter etc) I desse tilfellene sendes det ut konkrete førespurnader til aktuelle leverandørar, og oftast er det utelukkande pris som er avgjerande. Opningsprotokoll blir lagra i Acos der set er aktuelt, og avtale/kjøp gjennomførast med aktuell leverandør.
 - b. Utbetring av VA-anlegg. Vik kommune inngjekk i 2021 ein rammearvtale utbetring av kommunen sitt VA nett. Styrande dokument for aktivitet er kommunen sin delplan for VA, vedteken av kommunestyret i desember 2021. denne gjer kommunen mogelegheit til å nytta denne entreprenøren der løysinga på prosjektet er kjend, ut ifrå kommunen si VA-norm – og vi ikkje forventar stor overraskningar under gjennomføringa. Prosjektet styres av kommunen sin prosjektleiar, ramma for økonomien ligg i kvart prosjekt ut i frå godkjende løyvingar i investeringsbudsjettet.
 - c. Større komplekse innkjøp/prosjekt. Dette er typisk nytt høgdebaseng, større bygg eller prosjekt som krev prosjektering eller anna oppfølging. Her nytta st konsulent eller arkitekt vi har avtale med, og utlysing skjer via KGV. Gjennomføring av prosjekt styrast enten av eigen prosjektleiar, eller vi kjøper inn denne tenesta.

Vik kommune svara at dei stort sett handterer inngåtte avtalar kring innkjøp i mindre skala ved å førespør leverandørar sjølv. I investeringsprosjekt nyttar kommune seg ofte av inngåtte rammeavtalar. Vik kommune nyttar seg av konsulentfirma når dei inngår rammeavtalane av ein viss størrelse. Vik kommune nyttar og konsulenttenester som styrer anbodsprosessen ved større prosjekt.

Innkjøpsstrategi

Vi førespurde kommune om dei hadde ein vedteken innkjøpsstrategi. Vik kommune har ikkje det. Kommune kan velje om dei ønsker å ha ein strategi. Ein innkjøpsstrategi er eit verktøy som kan være til hjelp i innkjøpsarbeidet.

Ein Innkjøpsstrategi skal støtta opp om kommuneplanen sine målsettingar for økonomi, tenester og etikk og skildra ei overordna tenking og åtferd for anskaffingar.

I kommunale planstrategiar vert ofte innkjøpsstrategien nemnt som ein av strategiane som skal støtta opp under FN's bærekraftsmål⁶ nummer 12.

Innkjøpsstrategien skal gje eit felles grunnlag for gjennomføring av anskaffingar og sikra effektiv ressursbruk. Kommunen skal gjennomføra anskaffingar i tråd med lov og forskrift og sikre krava til konkurranse, likebehandling og openheit.

KGV

Nedanfor har vi lagt ved eit utdrag frå KGV, for at de som leser kan få eit innblikk i kva dette verktøyet som blir nytta i anbodsprosessar er. KGV vert nemnd nokre gongar i denne forvaltningsrevisjonen.

Utdrag frå Veileder for anskaffelser av konkurransegjennomføringsverktøy (KGV)

Om KGV

Et KGV eller konkurransegjennomføringsverktøy er et fagsystem som hjelper oppdragsgiver med å gjennomføre en anskaffelse fra kunngjøring til kontraktsinngåelse - og flere har også støtte for kontraktsoppfølging (KAV). KGV støtter oppdragsgiver i alle stegene i konkurransefasen, og sikrer sporbarhet og dokumentasjon av alle aktiviteter og hendelser. KGV støtter også tilbyder ved innlevering av tilbud og utfylling av ESPD.

Kommunikasjonen mellom oppdragsgiver og tilbyder foregår elektronisk ved bruk av KGV. Et KGV er en sentral forutsetning for å kunne effektivisere og digitalt transformere offentlige anskaffelser.

Offentlige oppdragsgivere bør anskaffe KGV for å oppfylle kavene til elektronisk kommunikasjon i anskaffelsesforskriften kapittel 22. Hovedregelen er at all kommunikasjon i en offentlig anskaffelse skal foregå elektronisk. Dette innebærer blant annet at det er obligatorisk med elektronisk innlevering av tilbud.

Investeringsprosjekt

Investeringsrekneskapen for Vik kommune for 2021 hadde i seg ein total omsetning på kr 43 260 188. Det var 37 prosjekt som var ført opp på lista over investeringsprosjekt i 2021. Fleire av prosjekta har vært i drift i fleire år. Mange av desse prosjekta hadde forholdsvis lave prosjektkostnader i 2021. Ut av desse 37 prosjekta valde vi i denne revisjonen å sjå på 3 prosjekt som har vore under arbeid i Vik kommune i 2021 og ut i 2022. Dei prosjekta vi valde var:

1. 0127 Utbetring kommunale vegar
2. 0710 Utbetring VAR
3. 0706 Kommunale bygg og eigedomar

⁶FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030.

Desse utvalde prosjekta består av fleire andre prosjekt som vert kalla objekt. Vi har kommentert på desse objekta når det gjeld både direkte kjøp, rammeavtalar og større anbodsprosessar. Det er nokre objekt som går igjen i fleire av prosjekta.

0127 Utbetring kommunale vegar.

Svar fra Vik kommune kring innhald i prosjektet med objekt.

0127 Utbetring kommunale vegar. Det er før kr 3 362 690 på dette prosjektet i 2021. Dette er fordelt på:

- i. Kr 182 961 «Utan objekt» Veglys – Driftsavtale med Sygnir, utbetring av gatelys i sentrum
- ii. 1054 Gotevik Kr 263 446 restbeløp etter prosjekt med ny tunnel i regi av Statens vegvesen
- iii. 2047 Hatlevegen kr 305 799 utbetring veg som følgje av prosjekt over rammeavtale VA (Halset entreprenørservice AS)
- iv. 2061 Tråna (nedre) kr 566 173 Utbetring av VA anlegg, konkurranse utlyst og gjennomført av Vik kommune. (Ekehaug AS)
- v. 2065 Halsetvegen kr 40 823 Utbetaling til 5 grunneigarar for areal frå tidligare prosjekt. (5 ulike privatpersonar)
- vi. Det er ført kr 1 602 791 på dette prosjektet utan objektnummer. Dette er fordelt på følgjande måte:
 1. Kr 358 772,- er omlegging fiber (Eltel) og rest VA frå tidligare utlyst prosjekt Kyrkjebakken. Prosjektert og utlyst av Norconsult.
 2. Kr 29 833,- er feilført investering, skal være på drift, gjeld blomar til sentrumsgata.
 3. Kr 105 923,- er tømrararbeid som følgje av utbetring VA (rammeavtale VA Halset entreprenørservice AS)
 4. Kr 194 056,- er utbetring veg over rammeavtale entreprenørtenester (Fjærstadvegen) (rammeavtale entreprenørtenester Halset entreprenørservice AS)
 5. Kr 509 984,- er utbetring veg over rammeavtale entreprenørtenester (Breilidvegen) (rammeavtale entreprenørtenester Halset entreprenørservice AS)
 6. Kr 403 980,- er utbetring av veg knytt til VA prosjekt i Holmavegen (rammeavtale VA Halset entreprenørservice AS)

Svar fra Vik kommune kring prosjektet 0127 Utbetring kommunale vegar i 2022

0127 Utbetring kommunale vegar.

Kostnadar ført på dette prosjektet 2022 er som følgje av utbetringar innan VA (Hatlevegen) Kostnadartil vesentleg oppradering av veg kan ikkje førast på sjølvkost, men må takast på kommunen sitt eige investeringsbudsjett. Er ikkje eige mappa på dette.

Nedanfor syner oversikta anbod og rammeavtalar som er nytta i P0127 utbetring kommunale vegar.

Navn på prosjektet og objekta	År	Leverandør	Kostnader i prosjektet	Anbod	Rammeavtaler	Våre kommentarar
P 0127 Utbedring Kommunale vegar	2021		3 362 690			
Blant anna Hatlevegen, Fjærstadvegen, Breilidvegen, Holmavegen Fleire prosjekt som er knytt til leverandør Halset.		Halset entreprenør as			Rammeavtale inngått, sjå forklaring under overskrifta rammeavtalar.	
2061 Tråna utbetring av VA anlegg. Vik kommune gjennomførte anbodsprosessen.		Ekhaug Maskin as		Tilbodsprotokoll 18.11.2020 kl 1200 2 signaturar på protokollen 4 tilbydarar i konkurransen Ekhaug maskin as fekk anbodet		

Prosjekt Kyrkjebakken	2021	Halset Entreprenør as		Asplan viak var ansvarlig for anbodsprosess. Det var 6 tilbydara i anbodet Protokoll signert av 2 personer. 11.12.2018 Halset Entreprenør fekk anbodet.		

0710 Utbetring VAR.

I 2021 var det fleire prosjekt som var tilknytta prosjekt 0710 utbetring VAR. Desse prosjekta vert ført som eigne objekt under prosjektet. Sjå nedanfor ei oversikt over prosjektet og objekta.

Svar frå Vik kommune kring prosjekt 0710 Utbetring VAR

0710 Utbetring VAR. Det er ført kr 8 676 042,- på dette prosjektet i 2021. Dette er fordelt på:

- vii. 2054 Nytt høgdebasseng. Kr 1 471 746,- på prosjektet i 2021. Prosjektert, utlyst og gjennomført av Norconsult. Vunne av Halset
- viii. 1054 Gotevik Kr 3 260 317,- Vik kommune sitt anleggsbidrag til Statens vegvesen ifm utbygging av ny tunnel.
- ix. 2047 Hatlevegen Kr 567 500,- Utbetring VA – rammeavtale VA
- x. 2061 Tråna (nedre) Kr 2 495 674,- Utbetring av VA anlegg, konkurranse utlyst og gjennomført av Vik kommune. (Ekehaug AS)
- xi. 2049 Tenål bustadfelt Kr 103 877 Restutbetalinger på avslutta prosjekt til Asplan Viak (Prosjekterande), Caverion (Underleverandør) og Vangen elektriske (Underleverandør)
- xii. 2048 Nye PLS'ar Kr 23 316 Kjøp frå Caverion
- xiii. Det er ført kr 617 765,- på dette prosjektet utan objektnummer. Dette er fordelt på følgjande måte:
 - 1. Kr 461 911,- er utbetring av veg knytt til VA prosjekt i Holmavegen (Rammeavtale VA Halset)
 - 2. Kr 155 854,- er prosjekteringskostnadar til Sweco knytt til prosjekt i 2022 (Avløpsleidning i Fresvik) Rammeavtale konsulenttenester på rassikring via Sweco

Det er i 2022 3 prosjekt som er under gjennomføring i prosjekt 0710 utbetring VAR. Det blir rekneskapsført som forskjellige objekt under prosjektet. Sjå nedanfor kva for prosjekt som er i arbeid i 2022.

Svar frå Vik kommune kring dei utvalde prosjekta i 2022.

004 Utbetring Hatlevegen. Prosjektet ligg inne i vedtatt tiltaksplan i Hovudplan Vassforsyning. Vi har nytta Rammeavtale for VA tenester til å utføre jobben.

006 Nytt Høgdebasseng: Prosjektert av Norconsult (rammeavtale) i samarbeid med oss. Utlysing og anbodsprosess gjennomført av Norconsult. På grunn av sjukdom hjå oss er det leigd inn prosjektleiar frå Norconsult. Anlegget er overlevert og tatt i bruk, gjenstår noko små utbetringar.

007 Avløp Fresvik: Prosjektert av Sweco (rammeavtale på skred/ras vurdering) Utlysing og anbodskonkurranse gjennomført av Sweco, entreprenør er valt og kontrakt signert. Planlagt utført i 2023.

Namn på prosjekt og objekt	År	Leverandør	Kostnader i prosjektet 2021	Anbod	Rammeavtale
0710 Utbetring VAR			8 676 042		
2054 Nytt høgdebasseng Teigane	2021	Halset entreprenør as		Norconsult har anbodsprosessen. Gjennom først som ein avgrensa tilbodskonkurranse med forhandlingar. 6 leverandørar inviterast til å gje tilbod. 4 leverandørar har gjeve tilbod. Ein frå Norconsult tilstades ved tilbodsopning. Gjennomført anskaffelsesprosess ved bruk av KGV (EU-supply) Nyttar forsyningsforskriften	
2061 Tråna (nedre)	2021	Ekhaug maskin as		Tilbodsprotokoll 18.11.2020 kl 1200 2 signaturar på protokollen 4 tilbydarar i konkuransen. Vik kommune gjennomføra anbodsprosessen	
007 Avløp Fresvik	2022	Augestad maskin as		SWECO gjennomførte anbodsprosessen. Dei nyttar anskaffelsen iht til forskift om innkjøpsregler i forsyningsforskriften.	

0706 Kommunale Bygg og eide domar.

Det er ikkje gjennomført større prosjekt her i 2022. Dei utbetalingane som er gjort er til Norconsult (Rammeavtale prosjektering) Ark J Vikøren (Rammeavtale Arkitekt) Vangen elektriske (Rammeavtale El) og Røyrvik Bygg og Betong (Rammeavtale trevare).

For å svare ut om kommune føl lov om offentleg anskaffing på dette utvalde prosjektet så må vi sjå på kommunen sine inngåtte rammeavtaler.

Det er ikkje i strid med lova og offentleg anskaffing å nytte rammeavtaler i prosjekt, men ein skal være obs på at rammeavtalen ikkje overskride maksgrenser som ligg i rammeavtalene. Desse rammeavtalane er kontrollert i denne revisjonen. Dei er omtalt i denne rapporten under overskrifta rammeavtalar.

Vår konklusjon kring rammeavtalar er at Vik kommune har inngåtte avtalar som dei nyttar i prosjekt 0706 Kommunale bygg og eide domar

Vurdering

Vurdering i høve revisjonskriteriet

Utleia revisjonskriterier.

- Kommunedirektøren skal syte føre at kommunen har utarbeidd styringsdokument og rutinar for gjennomføring av konkurranse/anbodsprosessen ved innkjøp/anskaffingar.
- Styringsdokumenta skal sikre at praksis ved konkurranse/anbodsprosessar tilfredsstiller aktuelt lovverk, og at grunnprinsippa i lov om offentlege anskaffingar blir følgt opp. Det vil seie likehandsaming og konkurranse, og at prosessen er gjennomsiktig og kan etterprøvas

Vi konstaterar at Vik kommune ikkje har utarbeidd eigne styringsdokument/rutinar kring gjennomføring av konkurranse/anbodsprosessen ved innkjøp/anskaffingar. Kriteriet om dokumentert internkontroll på dette området er ikkje etterlevd.

I dei større anboda vi har sett på har Vik kommune brukt eksterne leverandørar av rådgjevingstenester for å handtere anbodsprosessen. Vi har i desse tilfella sett at desse leverandørane har nytta konkurransegjennomføringsverktøy (KAD) i anbodsprosessane. Vi meiner at dei eksterne leverandørane føl lovverk kring offentleg anskaffing og at prosessar er transparente og kan etterprøvast.

Konklusjon

- Vik kommune har ikkje eigne utarbeide styringsdokument for gjennomføring av konkurranse/anbodsporsessar ved innkjøp/anskaffingar i investeringsprosjekt i teknisk sektor.
- Vik kommune har i dei kontrollerte prosjekta etterlevd LOA når dei sjølv har utarbeid anbodsprosessar og i dei innkjøpte tenestene frå eksterne leverandørar.

Tilråding

- Vik kommune bør vurdere å utarbeide skiftelege rutinar for kjøp etter LOA⁷

⁷ LOA: Lov om offentlege anskaffingar

5. Føl kommune lov om offentlege anskaffing for innkjøp i drift innan teknisk sektor?

Revisjonskriteriet

Den sentrale kjelda for revisjonskriterium til denne problemstillinga er å finne kommunelova §25-1, i lov om offentlig anskaffing § 2 og i forskrift om offentlig anskaffelser (anskaffelsesforskriften)

Lov om offentlege anskaffingar og grunnleggande krav til anskaffingsprosessen

Det lovpålagde konkurransekravet ved offentlege anskaffingar har som mål å bruke konkurranse som hjelpemiddel til effektiv ressursbruk i det offentlege, auka verdiskaping i samfunnet og til å redusere kostnadars og prisar. Hovudregelen for ordinære anskaffingar som går over nasjonal terskelverdi, (1 300 000 kroner eks. mva) skal kunngjerast i den nasjonale kunngjeringsdatabasen Doffin. Anskaffingar under nasjonal terskelverdi (men over 100 000 eks. mva.) skal også baserast på konkurranse, men her er det ikkje krav om kunngjering i Doffin. Det grunnleggande prinsippet om konkurranse tilseier at det likevel kan vere fornuftig i enkelte saker å kunngjere kontrakten ved frivillig kunngjering av konkurranse på Doffin, og slik kunne nå ut til ein større marknad.⁸

FOA – Forskrift om offentlege anskaffingar

I teksten ovanfor blir det vist til FOA – forskrift om offentlege anskaffingar. Den nye forskriften trådde i kraft 1. januar 2017. Forskrifta er omfattande, og konkretiserer lov om offentlege anskaffingar på ein rekke områder.

Forskrifta er delt inn i 5 delar, og kapittel 5 viser kva type kontraktar kvar av dei fem delane omhandlar:

Tildelingskriterier ved val av leverandør

FOA § 8-11 inneheld føringar for tildelingskriterier, der det heiter at val av leverandør skal skje på bakgrunn av ikkje diskriminerande og kjende objektive utveljingskriterier.

Oppdragsgjevar skal velje tilbod på grunnlag av objektive tildelingskriterier som skal settast opp i prioritert rekkefølgje i anskaffingsdokumenta.

Eit anna krav er at tildelingskriteria skal vere knytt til leveransen. Slike kriterier kan til dømes ver pris, kvalitet, livssykluskostnadar, miljø, sosiale omsyn og innovasjon. Tildelingskriteria skal ikkje vere så prega av skjøn at det gir oppdragsgjevar uavgrensa valfridom.

Vidare heiter det at oppdragsgjevar kan bruke det same vurderingstemaet både som kvalifikasjonskrav og tildelingskriterium, under føresetnad at vurderingstemaet er knytt til leveransen. Oppdragsgjevar skal også sette opp krav til dokumentasjon for kvart tildelingskriterium.

Vi har med syning til ovanståande formulert dette kriteriet:

- Kommunedirektøren skal syte føre at kommunen har utarbeidd styringsdokument og rutinar for gjennomføring av konkurranse/anbodsprosessen ved innkjøp/anskaffingar.
- Styringsdokumenta skal sikre at praksis ved konkurranse/anbodsprosessar tilfredsstiller aktuelt lovverk, og at grunnprinsippa i lov om offentlige anskaffingar blir følgt opp. Det vil seie likehandsaming og konkurranse, og at prosessen er gjennomsiktig og kan etterprøvast

⁸ Nærings- og fiskeridepartementet – Veileder – offentlige anskaffelser

Fakta

Rammeavtalar

I forbindelse med denne problemstillinga starta vi med å sjå på dei rammeavtalene som Vik kommune har både dei rammeavtalane som er inngått av kommunen og dei rammeavtalane som Vik kommune har gjennom sitt innkjøpssamarbeid saman med fleire andre kommunar i gamle Sogn og Fjordane. Dei kommunane som er med i dette innkjøpssamarbeidet er.

Kinn	Nordfjord				Sunnfjord	Sogn	Gulen	Aurland	Høyanger	Luster	Lærdal	Sogn dal	Vik	Årdal
	Bremanger	Stad	Stryn	Askvoll										

Det er innkjøpsavdelinga i Kinn kommune som er ansvarlig for å inngå avtalane alt etter behovet til dei forskjellige kommunane som er med i samarbeidet.

For å finne ut om kommunen handlar utanfor rammeavtalane sine og om dei handlar i strid med lov om offentleg anskaffing har vi gjort nokon kontrollar kring dette. Problemstillinga her har i seg ei avgrensing på at det er teknisk sektor sitt handlemønster ein ønskjer å vete noko om.

Vi har vald å sjå på året 2021 og delar av året 2022 i våre undersøkingar.

Vi fekk av kommunen ei oversikt over rammeavtalane frå dei leverandørane vi etterspurde. Vi henta og ut rapportar frå kommunen sitt rekneskapssystem, deriblant leverandørstatistik og rekneskapsrapportar frå drift i teknisk sektor ansvar 615 i perioden 2021 og 2022.

Lov om offentleg anskaffing med forskifter regulerer kva krav som ligg til korleis kommunane skal gjere sine innkjøp.

Ein rammeavtale kan, som hovudregel, ikkje vare meir enn 4 år. Ved særlege forhold kan ein rammeavtale vare lengre enn 4 år. Særlege forhold kan være høge investeringskostnader. Lengden på avtalen skal stå i konkurransegrunnlaget. Det mest vanlig er 2 + 1+1 år. Det er også krav om at man skal oppgje eit maks volum (dette skal være realistisk maks 10 – 20 % meir enn berekna volum.) som kan takast ut på rammeavtalen. Når dette er nådd, kan ikkje avtalen nyttas lenger.

Eksempel på berekning av maks uttak frå ein rammeavtale: Ein kommune inngår ei rammeavtale som varar i 2 år +1+1 år (opsjon). Avtale seier at ein kan handle for kr 500 000,- hos leverandøren kvart år. Verdien på avtalen er då 2 mill. 2 mill. er i denne avtalen maks av kva som kan takast ut av rammeavtalen over dei åra avtalen gjeld.

Rammeavtalens lengde og volum er noko som har blitt handheva dei siste åra. Jfr dom frå EU- domstolen i mai 2021 er det ikkje tilstrekkeleg å oppgje eit anslag av kva du trur, men oppdragsgjevar må og fastsette eit makstak som dei ikkje skal gå utover.

Doffin

Doffin er den norske offisielle kunngjeringsdatabasen for offentlege anskaffingar. Nettsida skal hjelpe oppdragsgjevar med å lage og publisere kunngjeringar i samsvar med regelverket, og gjøre det enkelt for leverandørar å finne relevante konkurranse i offentleg sektor.

Lov om offentlege anskaffingar gjelder når kommunen inngår vare-, teneste- eller bygge- og anleggskontrakter, herunder konsesjonskontrakter, eller gjennomfører plan- og designkonkurransar, med en anslått verdi som er lik eller overstige 100 000 kroner ekskl. meirverdiavgift.

Terskelverdiar er regna som total omsetning av ein vare eller teneste utan mva frå ein leverandør/varegruppe som ein kommune kjøper frå i løpet av 1 år.

Terskelverdiar for utlysing i Doffin er :

- Frå 100 000 - 1,3 mill. er det nok å spørje 3 eller fleire leverandør. Jfr FOA⁹ § 8-9.(3) utvelgelse av leverandørar
- Frå 1,3 mill. - 2,2 mill. må ein lyse ut i Doffin.
- Krav om protokoll frå kr 100 000,-
- Krav om skatteattest frå leverandør frå kr 500 000,-

TED – database (Tenders Electronics daily)

Ted database er for kunngjeringar som skal publiserast i EUs database. Det er Doffin som er ansvarleg for at kunngjeringar blir oversett til engelsk og at den blir overført på ein korrekt måte.

Forskrift § 5-3.EØS-terskelverdier.

Terskelverdier for utlysing i TED – database

- Over kr 2,2 Mill

Det ein skal være klar over er at når ein rammeavtale med årlig verdi på kr 1 mill., som skal gjelde i 2+1+1 år også skal ut på TED. Det er kontraktenes mulige totalverdi som bestemmer om utlysinga blir i Doffin eller i TED-database.

EØS-terskelverdiene er 7,8 millioner kroner ekskl. mva. for kontrakter om særlege tjenester og konkurranser om helse- og sosialtjenester.

Forsyningsforskriften har nokre unntak i lov om offentlege anskaffing. I korte trekk gjeld det fleire formar for infrastruktur, deriblant vassforsyning.

Innkjøpsreglement

I våre undersøkingar såg vi på om Vik kommune har eit eige innkjøpsreglement. Det har dei ikkje, men Vik kommune har i sitt vedteken økonomireglement eit kapittel kring kjøp av varer og tenester.

Utdrag frå Vik kommune sitt vedteke økonomireglement vedteke 07.11.2019. i kapittel 6. kjøp av varer og tenester.

6. Kjøp av varer og tenester

Alle kommunale innkjøp av varer og tenester skal skje i samsvar med gjeldande lover og reglar samt inngåtte innkjøpsavtalar.

6.1 Overordna rammer

- Lov om offentlige anskaffelser
- Forskrift om offentlige anskaffelser
- Samarbeidsavtale SFFI-Sogn og Fjordane Felles Innkjøp – Rammeavtalar

Regelverket omhandlar bestilling, varemottak, attestasjon og tilvising uavhengig av om vara er kjøpt gjennom tradisjonelle kanalar eller via E-handel.

Enkelt innkjøp, som medfører ei utgift på minst kr. 100 000 ekskl. mva, og har ei økonomisk levetid på minst 3 år, er definert som ei investering og skal belastast investeringsrekneskapen. Innkjøp over kr. 100 000 ekskl. mva skal dokumenterast i samsvar med krav i lova om offentlege anskaffing og forskrift om offentleg anskaffing. Forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar må følgjast for å sikre at tilsette i verksemder som utfører tenester, bygge- og anleggssarbeid for kommunen ikkje har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av gjeldande allmenn gjeringsforskrifter eller landsomfattande tariffavtalar.

Innkjøp til under kr. 100 000 ekskl. mva og/eller kortare levetid enn 3 år, skal førast i driftsrekneskapen. Alle einingar pliktar å undersøke om det føreligg innkjøpsavtalar med leverandørar av varer og tenester som skal bestillast/kjøpast. Innkjøp av IKT-utstyr skal klarerast med IKT-avdelinga.

Ps: Vi gjer merksam på at det no er Kinn kommune som styrar innkjøpssamarbeidet og ikkje SFFI-Sogn og Fjordane.

⁹ Forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften)

Leverandørar til teknisk sektor

Leverandørstatistikken syner kva for leverandørar som har levert varer og tenester til tenesta kommunalteknikk i 2021 og 2022 Den syner, tal faktura og total omsetning per leverandør i same periode.

Leverandørstatistikken for 2021 syner at eininga handlar i drift og investering for kr 41 849 673 og at dei har i tal 2796 faktura innom tenesta kommunalteknikk i løpet av året 2021.

Leverandørstatistikken for 2022 syner at tenesta hittil i år (oktober 2022) har handla i drift og investering for kr 76 439 446 og i tal har det vore 2364 tal faktura innom tenesta kommunalteknikk.

Vi ser i våre undersøkingar at for eksempel Wattn as har 359 faktura innom teknisk sektor med ein totalsum på kr 1 123 872. Sognekraft har 989 faktura innom teknisk sektor med ein totalsum på kr 2 522 754,- for året 2021.

Kjøpa gjennom Sognekraft er regulert gjennom rammeavtalen Vik kommune har gjennom innkjøpssamarbeidet i Kinn kommune.

Rammeavtalar

Nedanfor har vi vist ein rekke rammeavtalar som Vik kommune har inngått med forskjellige leverandørar. Vi har kontrollert fleire av dei leverandørane som sel sine varer og tenester til Vik kommune. Oversiktane nedanfor viser ikkje alle leverandørane til Vik kommune teknisk sektor.

Vi har kommentert under kvar leverandør kva avtalane gjeld, omfanget og varigheit i avtalane. I tillegg har vi vist i kva omfang desse leverandørane har sold av sine varer og tenester til Vik kommune i dei åra vi har kontrollert. I nokre av desse oversikta har vi også lagt inn eigne kommentarar.

Norconsult

Kva avtalen gjeld	Omfang på avtalen	Varigheit	Våre kommentarar
Rådgjeving	3,5 mill./år	2022-2024 +2	
Rådgjeving	2,75 mill. /år	20.09.18-15.09.22	

Kjøp i drift 2021	Kjøp i investering 2021	Kjøp i drift 2022	Kjøp i investering 2022 til og med oktober	Våre kommentarar
68 828	1 004 134	29 030	4 873 606	Kjøp kun gjennom rammeavtalen. Her må kommune passe på at dei ikkje kjem over maksbeløpet i rammeavtalen.

Arkitekt Vikøren

Rammeavtalen gjeld	Omfang på avtalen	Varigheit	Våre kommentarar
Arkitekt	750`/år	18.09.18-15.09.2022	
Arkitekt	500`/år	2022-2024 +2	

Kjøp i drift 2021	Kjøp i investering 2021	Kjøp i drift 2022	Kjøp i investering 2022 til og med oktober	Våre kommentarar
23 675	133 527	31 251	2 433 597	Kjøp kun gjennom rammeavtalen. Her må kommune passe på at dei ikkje kjem over maksbeløpet i rammeavtalen.

Holen elektriske

Rammeavtalen gjeld	Omfang på avtalen	Varighet	Våre kommentarar
EL-arbeid	1,5 mill./pr år	2022-2024 + 2	Framvist gjeldande rammeavtale

Kjøp i drift 2021		Kjøp i drift 2022	Våre kommentarar
		193 212	Kjøp innafor rammeavtalen

Halset entreprenør

Rammeavtalen gjeld	Omfang på avtalen	Varighet	Våre kommentarar
Grunnarbeid	400-800' pr år	2021 -2023 +1+1	<p>Anboda gjaldt 2 ulike rammeavtalar på entreprenørtenester, grunnarbeid og VA-arbeid. Norconsult har gjennomført begge desse anboda.</p> <p>Konkurransen var kunngjort i Doffin/KGV-databasen. All kommunikasjon i konkurranseperioden har vært via KGV, på den måten KGV angir.</p> <p>Anbodstilbydarane, 5 stk leverar alle inn anboda før KGV stenger 24.03.21 kl. 1200</p> <p>Kontroll av logg, opning av anbod: Norconsult opnar anboda 24.03.21 kl.1204 på anbodsdagen. Ikke mogleg å opne anbod før det. Etter kl. 12 er det heller ikke mogleg for anbodstilbydarane å justere på anboda sine.</p> <p>Dokumentasjon kring tilboda som er komme inn, blir så oversendt Vik kommune frå Norconsult.</p> <p>Tilbodsprotokoll ligg og ved.</p>
VA-arbeid	3-5 mill./år	2021 -2023 +1+1	Same prosedyre som ovanfor. I denne anbodsprosessen, var alle tilbydarane med på begge anboda.

Kjøp i rammeavtalen og anbod til prosjekt med Halset i åra 2021 og 2022 til og med oktober drift og investering

Tenester	Omfang drift 2021	Omfang investering 2021	Omfang drift hittil 2022	Omfang investering hittil 2022
Vinterdrift	Kr 596 239 Vinterdrift		Kr 1 472 8325,- Vinterdrift	
Entreprenørtenester	Ca Kr 400 000,- på drift over rammeavtale (massardiv tenester etc)	Kr 704 040,- er ført på investeringar over rammeavtale entreprenør	Ca Kr 200 000,- på drift over rammeavtale (massardiv tenester etc)	Kr 151 022,- foreløpig ført her - er forsikringssak, ikkje avklart
VA-arbeid		Kr 1 739 190,- er ført på investeringer over rammeavtale VA		Kr 3 432 792,- på rammeavtale VA
Egne utlyste prosjekt				Kr 6 003 058,- på eget prosjekt (Nytt høgdebasseng)

Røyrvik bygg og betong, rammeavtale

Rammeavtalen gjeld	Omfang på avtalen	Varigheit	Våre kommentarar
Trevarer	1,25 mill./år	2022-2024 + 2	Signert rammeavtale, 8.6.22, mellom Vik kommune og Røyrvik bygg og betong as

Kjøp i drift 2021	Kjøp i investering 2021	Kjøp i drift 2022	Kjøp i investering 2022 til og med okt	Våre kommentarar
232 207	480 966	144 325	252 826	Kjøp innanfor rammeavtalen i 2022. Direkte kjøp utanfor avtale i 2021

Direkte kjøp utan rammeavtaler, eit utval av leverandørar, ikkje uttømmande

Leverandør	2021	2022 til og med oktober	Våre kommentarar
Bredal rør og sanitær	348 447	453 789	Direkte kjøp utan avtale Vik kommune har ikkje rammeavtale kring røyrleggetenester.
Vik fargehandel	Drift 279 536 + invest 331 878	Drift 524 726 + invest 81 831	Direkte kjøp utan avtale
Rein trivsel	668 161	68 190	Direkte kjøp utan avtale, coronarelatert
Hallingdal trepellets	774 202	577 984	Direkte kjøp utan avtale
Sogn Olje	154 299	435 226	Direkte kjøp utan avtale

Funn

Vi ser at Vik kommune sin teknisk sektor har mange innkjøp gjennom året. Vi har i våre kontrollar sett på oversikter over alle leverandørane som leverer varer og tenester til teknisk sektor gjennom året 2021 og til og med oktober 2022. Vi har også sett på kva avtalar som ligg ved dei forskjellige leverandørane. I tabellane som er presentert ovanfor ser dykk at det er nokre funn i forbindelse med denne revisjonen.

Vi har sett på om teknisk sektor i Vik kommune føl Lov om offentleg anskaffing og forskift til offentleg anskaffing.

Vi ser at det er nokre funn av kjøp som er utanfor lov om offentleg anskaffing. Det er direktekjøp frå fleire leverandørar som er over terskelverdiane i lova.

Vi ser og at i nokre av rammeavtalen er det mogleg at avtalen sitt omfang er litt knapt. Om kommune held seg innafor rammeavtalane sine omfang har vi ikkje sett på i denne revisjonen då vi kun har sett på åra 2021 og 2022. Vi anbefala at kommune tek ein gjennomgang kring omfang av sine rammeavtalar og ser om dei ligg innafor omfanget/makstaket av rammeavtalane sine.

Vurdering

Vi har med syning til ovanståande formulert dette kriteriet:

- Kommunedirektøren skal syte føre at kommunen har utarbeidd styringsdokument og rutinar for gjennomføring av konkurranse/anbodsprosessen ved innkjøp/anskaffingar.
- Styringsdokumenta skal sikre at praksis ved konkurranse/anbodsprosessar tilfredsstiller aktuelt lovverk, og at grunnprinsippa i lov om offentlege anskaffingar blir følgt opp. Det vil seie likehandsaming og konkurranse, og at prosessen er gjennomsiktig og kan etterprøvast

Vurdering i høve revisjonskriteria

Kommunedirektøren skal syte føre at kommunen har utarbeidd styringsdokument og rutinar for gjennomføring av konkurranse/anbodsprosessen ved innkjøp/anskaffingar. Vi meiner at kommunedirektøren ikkje har utarbeid styringsdokument for gjennomføring av både anbodsprosessen og innkjøp når kommunen utarbeider eigne rammeavtalar og anbodsprosessar.

Vi meier at Vik kommune sin praksis med å kjøpe tenester kring utarbeiding av både anbodsprosessar av større investeringar og utarbeiding av rammeavtalar er ein god måte å gjennomføre konkurranse/anbodsprosessar på. Samarbeidsavtale kring innkjøp der Kinn kommune er vertskommune, sikrar at kjøp gjennom rammeavtalene vil være i samsvar med LOA.

Etter vår oppfatning vil det være viktig at kommunen sine eigne inngåtte rammeavtalar blir følgde både når det gjeld omfang og varigheit.

Vi konstaterer at styringsdokument ikkje er utarbeid og kan derfor ikkje vurderast i henhold til kriteriet.

Konklusjon

- Vik kommune bryt lov om offentleg anskaffing ved fleire høve når det gjeld innkjøp i drift teknisk sektor ved å gjere direktekjøp utan avtalar over terskelverdiane etter lov om offentlege anskaffingar
- Vik kommune har ikkje eigne rutineskildringar kring innkjøp.
- Vik kommune har ikkje ein vedteken innkjøpsstrategi

Tilråding

- Kommunen bør vurdere tiltak for å sikre at innkjøpspraksis vert følg i henhold til Lov og forskiftsverk.
- Vik kommune bør vurdere å komplettere eige reglement på innkjøpsområdet.

Referanser

- Lov om kommuner og fylkeskommuner(Kommuneloven) LOV-2018-06-22-83 *Kommunal- og moderniseringsdepartementet*
- *Lov om offentlig anskaffing medforskrifter.*
- Diverse rutiner, og reglement
- E-post korrespondanse mellom revidert eining og revisor

Kommunedirektørens uttale



Vestland Revisjon

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Dato
Dato 22/1264 -2		Ole Petter Ramberg		11.11.2022

Forvaltningsrevisjon innkjøp og anbodspraksis

1) Har rådmann kommentarar til **informasjonen** revisor gav på oppstartsmøtet om føremålet med forvaltningsrevisjonen og den vidare saksgangen, eller til referatet frå oppstartsmøtet?

Svar: Inga kommentar

2) Har rådmann kommentarar til revisor si **innhenting av data** i kommunen i samband med forvaltningsrevisjonen? I tilfelle kva?

Svar: Inga kommentar

3) Har rådmann kommentarar til **revisjonskriteria** som ligg til grunn for konklusjonane til revisjonen? I tilfelle kva?

Svar: Inga kommentar

4) Kva er rådmann sine samla vurderingar av rapportens **konklusjonar og anbefalingar**?

Svar: Rådmann er fornøyd med at revisjonen konkluderer med at Vik kommune opererer innanfor lov om offentleg anskaffelser i dei prosjekt og avtaler som er gjennomgått i denne rapporten. Dette syner at arbeidet med å få på plass rammeavtaler – både innan investeringar og drift – er viktig for organisasjonen. Vik kommune arbeidar fortløpende for å supplere opp med avtaler innan dei områda dette er naudsynt. Rapporten understreker at dette er eit viktig arbeid. Anbefalingane om å få på plass overordna styringsdokument for innkjøpsprosessane innan drift og investering vil bli fulgt opp.

5) Vil rådmann vurdere **framlegg til tiltak** på bakgrunn av anbefalingar i rapporten der desse måtte vere gjeve? I tilfelle kva?

Svar: Rådmann vil følgje opp dei råda som er gitt knytt til rutineskildringar og strategiar innan innkjøp. Dette skal være dokument som er tilgjengelege og kjent for dei det er aktuelt for i kommunen. Vik kommune skal fortsatt arbeide for å få på plass naudsynte avtalar for å sikre at innkjøp skjer i tråd med lov om offentleg anskaffelser.

6) Korleis vurderer rådmann **oppbygging og språkbruk** i rapporten?

Svar: Inga kommentar

7) Har rådmann **andre** merknader?

Svar: Inga kommentar

Med helsing

Øistein Edmund Søvik
Rådmann

Ole Petter Ramberg

Kommunalsjef tekniske tenester